



Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2004/1001	Doknr.: 12
Mottatt: 23 JUN 2004 CP/57	
Saksbeh.: ALL	Ark.: 574
Kopi:	A/skr.:

Samordning og revisjon av erstatningsforskrifter - høring

Landbruksavdelinga hjå fylkesmannen i Hordaland har mottatt forslag til samordning av forskriftene som regulerar erstatningsordningane i landbruket til tre nye forskrifter.

Føremålet er mellom anna at erstatningsordningane vert sett i samanheng med kvarandre og elles verkemidlane i landbrukspolitikken. Det er også meininga å gjera det enklare for søkjarane og meir effektiv forvaltning av ordningane.

Landbruksavdelinga hjå fylkesmannen i Hordaland sender inn følgjande merknader om framlegga til nye forskrifter:

1. Forskrift om erstatning etter offentlege pålegg og restriksjoner i plante- og husdyrproduksjonen.

§ 6 Minsteutbetaling og egenandel.

Landbruksavdelinga meiner dei 2 siste setningane i paragrafen må ut. Dyreeigaren/birøktaren er uforskyldt kome opp i situasjonen. Då må samfunnet dekkja tapet av produksjonspotensialet til brukaren. Det vert for hardt for mange brukarar å ha ein eigendel 20 %. I Hordaland er det mange dyreeigarar som har langsiktige beiteavtalar i beitelag og vandring med bier andre stader i fylket. Dette er ein viktig del av produksjonspotensialet til desse brukarane. Dersom vedkommande ikkje slaktar ut buskapen får han/ho ikkje høve til å sleppa t.d. småfe i dette beiteområdet. Såleis vil det verta produksjonstap enten det vert valgt frivillig nedslakting, eller ikkje, slik det går fram av forslaget til forskrift.

§ 8. Omlegging til annen produksjon.

Landbruksavdelinga stiller spørsmål om kr. 1.000,- pr da. er tilfredstillande i alle produksjonar ved ei omlegging av produksjonen. Omlegging til andre produksjonar i veksthus og i fruktdyrkinga vil ha langt større kostnader ved omlegging.

§ 10. Erstatning for tap i en pålagt oppholdsperiode.

Landbruksavdelinga meiner erstatning for pålagt eller frivillig nedslakting må utbetalast etter verdien på avlsdyr og slaktedyrt ved påleggingstidspunktet. I tillegg det må gjevast kompensasjon for tapte produksjonstilskot kvart år i ein pålagt opphaldsperiode og

oppbyggingsfase til ny buskap med basis i historisk dyretal. Desse to erstatnings-/kompensasjonsordningane meiner vi må haldast frå kvarandre. Ved eingongsutbetaling av erstatning og kompensasjon, vil det få store skattemessige følgje for mottakaren. På ei anna side meiner vi at dersom erstatning og kompensasjon vert slått saman til ei eingongsutbetaling, må det sytast for at denne vert fordelt over tidsrommet pålegg og opphald i produksjonen varer.

Landbruksavdelinga meiner også det kan vera rett med eit fråtrekk i variable kostnader i pålagt opphaldsperiode, men ikkje i oppbyggingsperioden av ny buskap.

§ 21. Standardsatser for småfe.

Landbruksavdelinga meiner desse satsane er låge, spesielt for dyr der brukaren er pålagt t.d. 3 år opphald i produksjonen. Kva med kompensasjon i oppbyggingsfasen? Det går ei viss tid for at buskapen når opp i buskapsstorleiken på pålegstidspunktet. Det synest som om prisane som er oppgitt i framlegget, ikkje er stort meir enn det må betalast for å skaffa nye avlsdyr

§ 25. Standardsatser for nedføring på grunn av radioaktivitet.

Landbruksavdelinga meiner det må gjevast erstatning frå og med første nedføringsveka etter at dyra er sett på nedføring. Brukaren har vanlegvis ikkje nok før til å føra ekstra slaktemogne dyr.

§ 26. Tapt arbeidsforteneste ved måling av dyr.

Landbruksavdelinga meiner det vil vera meir reelt å kompensera timepris og eventuelt km.godtgjerdsle for å koma til beiteområdet for å sankta dyr til måling i staden for kr. 100,- pr. målt dyr

2. Forskrift om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjonen.

Landbruksavdelinga har følgjane merknader til dette framlegget:

§ 7. Søknad og utbetaling.

Landbruksavdelinga ønskjer andre setninga i paragrafen skal vera:

”Krav på erstatning kan ikke overdras til andre enn ektefeller/samboer eller pantsettes”

Landbruksavdelinga meiner dei 3 typane erstatningane må kunna sjåast på under eit på same bruket. Derfor meiner vi det må vera felles prosentsatsar for dei tre erstatningstypane. Det må vera ein felles prosentdel i eigendel for alle ordningane og landbruksavdelinga føreslår 20 %.

3. Forskrift om erstatning ved katastrofetap i husdyrhold.

Landbruksavdelinga har følgjande merknader til denne forskrifta:

§ 4. Erstatning og søknadsfrist.

Forskrifta som gjeld for katastrofetap av sau på beite, saman med anna katastrofeprega tap i husdyrhold og erstatning for tap av bifolk må kunna sjåast på som ei samla katastrofeordning for brukaren.

Første setningen i siste avsnittet vert føreslått endra til:

”Søknad om erstatning ved katastrofetap i husdyrhold må fremmes innen 31. desember det året tapet har oppstått”.

Siste setninga i avsnittet kan då sløyfast.

§ 5. Søknad og utbetaling.


Landbruksavdelinga føreslår at siste setningen vart endra til:

”Krav på erstatning kan ikkje overdras til andre enn ektefelle/samboer eller pantsettes”.

§ 6. Egenandel og minsteutbetaling.

Landbruksavdelinga føreslår at 30 % vert endra til 20 % i første setninga slik at det vert felles prosentssats for plantar og husdyr; og at 15.000 i siste setning vert endra til 10.000 slik at det vert meir likt mellom ordningane.

Landbruksavdelinga i Hordaland har ikkje andre merknader til forslaga om endringar i desse forskriftene. Forskriftene bør kunna gjera det enklare for søkjarane og i samsvar med samfunnet sitt ønskje om å leggja tilhøva til rettes så vi kan oppretthalda og utvikla kulturlandskapet. Samstundes vil forvaltningane verta enklare.


Ase M. Vaage.f.
Ass. landb.dir.


Olav Romarheim
fylkesagronom